

## Aktiv på dagtid.

Er du heime på dagtid og ynskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Frivilligsentralen har ulike aktivitetar på dagtid med lågterskelprofil. Det vil seie at alle kan bli med, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetsglede saman med andre!

Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	Kl. 10.00-11.00	Kl. 11.00-12.30	Kl. 11.00-12.00	
	Yoga for alle	Turgruppe	Trimtreff	
	Hovden Grendehus	Oppmøte Hovden Grendehus	Bykle Samfunnshus	

Meir informasjon om aktivitetane finn du på [Bykle Frivilligsentral](#)

Hovden grendehus og bibliotek	Bykle samfunnshus og bibliotek
tel. 902 16 856	tel. 902 16 856
<ul style="list-style-type: none"> <li>Måndag-torsdag 8-21</li> <li>Fredag 8-16</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Måndag 10-16.30</li> <li>Torsdag 10-16.30</li> </ul>
Redusert opningstid 14-15. April 9-16	Stengt veke 16, og måndag 21. april
Redusert opningstid 16. April 9-12	
Stengt 17.-21. april	Meiropent bibliotek alle dagar 7-23*
	*Obs: Kan vere noko ustabil, me jobbar med saka.

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss:  
[kultur@bykle.kommune.no](mailto:kultur@bykle.kommune.no)


- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.



Kultur Bykle kommune er på Spond!

Kode: IFZBR

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.



### Bykle Kulturskule:

For opptak til hausten kan du søkje kulturskulen no.

Informasjon og søknadskjema finn du på [Bykle kommune.no](#)



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

April 2025 35. ÅRGANG | OPPLAG 560

## Fosterheimsveka 1.-8. april



Frå 1.- 8. april er det Fosterheimsveka 2025 landet rundt. Målet for markeringa er å rekruttere fleire både som fosterforeldre, støttefamiljar og besøksheimar.

Behovet er enormt. Leiar i Setesdal barnevern, Hedda Helene Schaanning, streker under at det også i Setesdal er eit udekket behov.

– Me håpar jo at fosterheimsveka skal bli ein liten vekkar for folk som kanskje kan gjere ein innsats, men som ikkje har tenkt på det før. Behovet er stort, og me er ute etter ulike familjar og einskildpersonar som ynskjer å gjere en skilnad for born og unge og som kan gje god omsorg og kjærleik, seier ho.

### Krafttak

Alle born har rett på ein trygg barndom prega av omsorg. Så er det diverre ikkje alle born som har det slik. Fosterheimsveka er difor eit krafttak for å rekruttere fleire fosterheimar.

– Akkurat som born er ulike, treng me også ulike variantar av fosterheimar. Mange som blir fosterheim har tenkt på det i mange år, andre går meir rett på. I løpet av fosterheimsveka blir det skipa til ulike arrangement og møter, også digi-talt, som kan vere til hjelp for dei som vurderer å gjere ein innsats, seier Schaanning.

### Helst i nærmiljøet

Når eit born treng ein ny stad å bu, er det i nærmiljøet ein først leiter. Poenget er at jo mindre oppbrot ei omplassering fører med seg, jo betre er det.

– Å måtte flytte kan jo vere dramatisk nok i seg sjølv. Skal ein i tillegg flytte bort frå skule, vener, fotballag og anna, blir det ei stor ekstrabelasting. Tryggleik og stabilitet er avgjerande. Difor håpar me no at mange som vil vite meir om å vere fosterheim, støttefamilie eller besøksheim tar kontakt, seier Hedda Helene Schaanning i Setesdal barnevern.

Setesdal barnevern når ein via Valle kommune på tlf 37937500.

## Årsmøte 2025

28 April Bykle hotell 18.00



BYKLE & VALLE  
KUNSTLAG

### Foredrag ved Helge Hognestad "Morgendagens kristendom"

Kva om forteljningane om Jesus skal forståast som myter?

Kva om hovudmyten om Jesu lidning, død og oppstode peikar på noko heilt anna enn det den kristne tradisjonen fortel oss?

Kva om Jesus kom for å vekke oss?

Onsdag 02.april kl.19-21 i kyrkjekjellaren i Bykle.

Enkel servering.

Arrangør: diakoniatet



## Bruktmarknad laurdag

### 26. April

Me arrangerar bruktmarknad på Hovden grendehus laurdag 26. April 11-15!

Om du ynskjer å tinge bord, send ein epost til [kultur@bykle.kommune.no](mailto:kultur@bykle.kommune.no), eller stikk innom på grendehuset.

Arrangør: kultur & fritid



[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no) Frist er 15. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument  
finn de på heimesida eller følg QR'en



Kulturskulane Bykle, Valle og Bygland og Evje og Hornnes samarbeider om tilbod i

## FOLKEMUSIKK!

Valle, Bykle og Bygland samarbeider om det interkommunale folkemusikk-tilbødet munnharpe, hardingfele, kvending og leikaring i kulturskolen. Dette er ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarven.

Nye elevar får høve til å prøve ut ulike instrument, og det blir mykje samspel. Det kan også bli aktuelt å gi gruppeundervisning dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument.

Tilboda gjeld føretrinnvis elevar frå Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom kapasitet kan også elevar frå Evje og Hornnes få plass. Ta kontakt med din lokale kulturskule dersom du har spørsmål.

Søknadsfrist for hovudopptak skuleåret 2025-2026 er 15. mai!

Søk her:  
<https://valle.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/kulturskule/>



## Dagsenter på heimen kvar onsdag

Du kan kjøpe lunsj, middag og kaffe for kr 145,- eller bare ein av delene. Middag 85 kr og lunsj 60 kr. Det er lunsj kl 11.30 og middag kl 14.30

Viss du vil ha skyss/mat ring kjøkken på telefonnummer 468 41 051 å sei frå om dette, tysdagen før.

## Påskebasar

Oveinang Grendehus - Flateland  
Tysdag 15. april frå kl 10.00



Hovudgevinsten er to flotte trestolar med bord imellom, laga av «Skruvane» i Bykle.

- ♦ Bålpannebenk
- ♦ Handsauma mufflar
- ♦ Vedsekkar
- ♦ Saueskinn
- ♦ Handlaga primstav
- ♦ Kasser med lokalmat
- ♦ Produkt med fotomotiv og valleuttrykk
- ♦ Rosemåla sendingskorg frå 1790
- ♦ Stor, rosemåla tine

Loddbøker på Joker og Coop \*merk med navn og tlf BANK: 2890 20 63457

Kr. 20 pr. lodd -VIPPS: 662273 \*Merk med: lodd, navn og tlf.nr\*

Årsal heile dagen, kr. 15 pr åre. Kransekake, marsipankake, ++

Sal av suppe, potetkake, vaflar, kaffi og brus **Trekning kl. 18.00**

## Tømekalender

Restavfall: 02.04, 30.04

Matavfall: 02.04, 16.04, 30.04

Papir, glass/metall, plast: 16.04

## Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



Bykle kommune  
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)

## Invitasjon til Junior Golf Sesongen 2025 ved Hovden Golfklubb



Kjære golfentusiaster,

Vi har gleden av å invitere alle juniorer til en spennende og lærerik golf sesong i 2025 ved Hovden Golfklubb! Vårt mål er å fremme glede og entusiasme for golf blant unge spillere, samtidig som vi fokuserer på å utvikle ferdigheter og sportsånd.

### Sesongens høydepunkter

Sesongstart: 1. mai 2025

Treninger: Ukentlige treninger hver tirsdag fra kl. 17:00 til 19:00

Turneringer: prøve oss på et par turneringer i løpet av sesongen.

Golfleir: En spennende golfleir/ helgetur til Vrådal i sommerferien med undervisning og morsomme aktiviteter.

### Påmelding og medlemskap

Alle juniorgolfere mellom 8 og 18 år er velkomne til å melde seg på. Påmeldingen åpner 1. april 2025, og vi oppfordrer alle interesserte til melde seg på.

Medlemskontingenten for sesongen 2025 er kr 500,-

Delta i alle treninger og turneringer

Golfleir med overnatting og måltider

Medlemskap i Hovden Golfklubb

Behjelpelig med Lån av utstyr

Ved betalt årskontingent har bam/junior fri spillerett på Ørnefjell golfbane

VTG kurs

### Kontaktinformasjon

For spørsmål eller ytterligere informasjon, vennligst kontakt oss på:

Telefon: 47845450

E-post: [trlamark@online.no](mailto:trlamark@online.no)

Vi ser frem til å se dere på golfbanen og ønsker dere en fantastisk sesong!

Med vennlig hilsen,

Junior ansvarlig Trygve Lamark.



BYKLE  
HUSFLIDSLAG

## Bykle husflidslag

inviterer til sy/strikkekafe onsdagar i Lislestog kl 18:00. Kom og bli med! Ta med godt humør! Alle hjarteleg velkomne.

**MÅNADENS BOK**

**Genanse og verdighet**  
**Dag Solstad**

Boksirkelen diskuterar denne boka  
**28. april 19:00**  
Biblioteket på Hovden Grendehus

Bykle kommune  
FRIVILLIG

**språkkafé**

"Språkkafé er ein møteplass mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir mulighet for å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk i trygge omgjevninger og bli kjent med folk og staden." Datoar for april: Hovden grendehus 10/4 kl 18, og Bykle samfunnshus 24/4 kl 18.

Ta kontakt med [merete.egeland@bykle.kommune.no](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no) om du vil bidra som språkvert.

SOSIAL MØTESTAD FOR BARN OG UNGE

UNGDOMMENS  
KULTURHUS  
BYKLE - HOVDEN

## Hemsen:

På Hovden grendehus har ungdommar eget lokale "Hemsen" for elevar på mellomtrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande skule.

**Måndag - torsdag 08:00-14:30** Ope for alle

14:30-18:00 Mellomtrinnet

18:00-21:00 Ungdomstrinnet/vidaregåande skule

**Fredag: 08:00 – 13:15** Alle

13:15 – 16:00 Mellomtrinnet

**Bygdekinoen**

[www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no)

**Hovden grendehus**

**Onsdag 16.4**

18:00 Snehvit

20:00 The Amateur

**Laurdag 26.4**

16:30 Hundemannen

18:30 Mickey 17

